

KOMMISJONSVEDTAK**2001/EØS/46/35****av 18. januar 2000****om endring av vedtak 96/627/EF om gjennomføring av artikkel 2 i rådsdirektiv 77/311/EØF om lydnivået ved ørene til førere av jordbruks- eller skogbrukstraktorer med hjul(*)***[meldt under nummeret K(1999) 3546]*

(2000/63/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 77/311/EØF av 29. mars 1977 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om lydnivået ved ørene til førere av jordbruks- eller skogbrukstraktorer med hjul⁽¹⁾, sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/54/EF⁽²⁾, særleg artikkel 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) For nesten alle traktorar utan førarhus er det av tekniske årsaker uråd å stette fristen for utgangen av den overgangsperioden som er fastsett ved kommisjonsvedtak 96/627/EF⁽³⁾. Under desse tilhøva er det naudsynt å lengje den fastsette overgangsperioden for desse køyretøya i det førnemnde vedtaket.
- 2) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga av direktiv om fjerning av tekniske handelshindringar på området jordbruks- og skogbrukstraktorar —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Artikkel 1 i vedtak 96/627/EF skal lyde:

«Artikkel 1

Den overgangsperioden som er nemnd i artikkel 2 nr. 2 i direktiv 77/311/EØF, går ut

- 1. oktober 2001 for alle nye traktortypar,
- 1. oktober 2003 for alle nye traktorar.»

Artikkel 2

Medlemsstatane skal seinast 30. september 2001 vedta dei føresegnene som er naudsynte for å rette seg etter dette vedtaket. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 18. januar 2000.

*For Kommissjonen**Erkki LIIKANEN**Medlem av Kommissjonen*

(*) Denne fællesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 22 av 27.1.2000, s. 66, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 73/2000 av 2. oktober 2000 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende nr. 59 av 14.12.2000, s. 8.

(¹) TEF L 105 av 28.4.1977, s. 1.

(²) TEF L 277 av 10.10.1997, s. 24.

(³) TEF L 282 av 1.11.1996, s. 72.